



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vår dato  
30.03.2017  
Dykkar dato  
29.03.2017

Vår referanse  
2017/4267 620  
Dykkar referanse  
14/2010 - 17/4112

Radøy kommune  
[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)

### Statleg tilskot for 2017 til vidareføring av ei stilling ved barneverntenesta

I 2016 hadde Radøy kommune til rådvelde 700 000 kroner i statleg tilskot øymerka til å vidareføre styrkinga av barnevernet i kommunen, sjå tildelingsbrevet vårt av 8. juni 2016. Inkludert i dette beløpet er 59 725 kroner som er føresettt overført frå 2015. Styrkinga gjeld den permanente stillinga som Radøy kommune oppretta med statlege midlar i 2012.

I følgje rekneskapstala som vi har mottatt brukte Radøy kommune i alt 619 105 kroner på lønsutgifter til den aktuelle stillinga i 2016. Rekneskapen vart revidert den 8. mars 2017 av revisjonssjef Reidar Bjørsvik ved Nordhordland Revisjon IKS.

Fylkesmannen legg difor til grunn at Radøy kommune i fjor nytta 619 105 kroner av dei statlege tilskotskronene som kommunen hadde til rådvelde, og at 80 895 kroner ikkje vart nytta i 2016. Vidare legg vi til grunn at desse 80 895 unytta kronene vert overførte til bruk i barnevernstenesta i 2017, og at årets statlege løyving vert tilsvarande redusert.

Ordninga med styrkingsmidlar til barnevernet over statsbudsjettet kapittel 854 post 60 er ført vidare i 2017. Til ei stilling kan ein få inntil 717 500 kroner i statstilskot. Etter fråtrekk av dei pengane som ikkje vart nytta av fjorårets løyving, får Radøy kommune med dette tilsegn om **636 605 kroner** i statleg tilskot i 2017. Radøy kommune disponerer såleis inntil 717 500 kroner, når vi tek med dei overførte pengane frå 2016, til å finansiere vidareføring av den stillinga som kommunen har fått statleg tilskot til å opprette. Tilskotet for 2017 vil bli utbetalt når Fylkesmannen har mottatt vedlagde stadfesting i underskriven stand.

Det er ein føresetnad at Radøy kommune ikkje reduserer stillingane i det kommunale barnevernet i 2017.

Tilskotet skal nyttast til løn og lønsrelaterte utgifter som inkluderer overtidsgodtgjering, kompensasjon for ubekvem arbeidstid, feriepengar, arbeidsgjevaravgift, pensjonsdel, og eventuelle andre sosiale utgifter. Tilskotet dekkjer ikkje overhead/administrasjonsutgifter, telefonutgifter, kontorutgifter, reiseutgifter eller godtgjering for bruk av eigen bil.

Tilskotet skal i utgangspunktet nyttast i 2017. Tilskotsmidlar som ikkje vert brukte i år kan likevel overførast til neste år dersom stillinga vert vidareført. I tilfelle vil ei eventuell statleg løyving neste år bli tilsvarande redusert.

Radøy kommune skal sende revisorattestert rekneskap for bruken av tilskotsmidlane for 2017 til Fylkesmannen innan 31. mars 2018. Kopi av tildelingsbrevet skal leggast fram for revisor i lag med rekneskapen. Dersom rekneskap og revisorattestert ikkje vert levert, kan tilskotet krevjast tilbakebetalt. For tilskot på mindre enn 100 000 kroner er det til vanleg ikkje krav om revisoruttale.

Fylkesmannen og Riksrevisjonen har rett til å kontrollere at løyvinga vert nytta etter føresetnadene, sjå statens løyvingsreglement § 10 andre ledd. Fylkesmannen har fått i oppgåve å kontrollere at tilskotet vert brukt i tråd med føresetnadene. Rekneskapen må difor setjast opp på ein slik måte at lønsutgiftene til ei stilling kjem fram, og bruken av tilskotsmidlane kan haldast saman med reglane for tilskotsordninga. Dersom pengane ikkje vert nytta etter føresetnadene, skal dei tilbakebetalast til statskassa.

Vi ber om at referansenummeret vårt, 2017/4267, vert påført framtidig korrespondanse som gjeld tilskotet for 2017.

Med helsing

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

Tor G. Turøy  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrifter.*

Stadfestinga skal snarast sendast i retur til:

Fylkesmannen i Hordaland  
[fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

Eventuelt per brevpost til:  
Postboks 7310  
5020 Bergen

*Fylkesmannens referanse: 2017/4267*

## STADFESTING

Organisasjonsnummer:

.....

Kommunennummer:

.....

Kontonummer:

.....

Namn, postadresse og telefonnummer ansvarleg leiar for den kommunale barneverntenesta, eventuelt økonomiansvarleg:

Radøy kommune har fått tilsegn om statleg tilskot på **636 605 kroner** for budsjettåret 2017 til vidareføring av ei stilling i barneverntenesta.

Radøy kommune stadfester med dette å ha lese og godtatt vilkåra som er sett i Fylkesmannens brev av 30. mars 2017.

.....  
stad

.....  
dato

.....  
ansvarleg leiar

Stadfestinga skal underteiknast av rådmannen eller den som har fullmakt frå rådmannen